

Politihøgskolen

Slemdalsveien 5
Postboks 5027, Majorstua
0301 Oslo

Tlf.: +47 23 19 99 00
Faks: +47 23 19 99 01
E-post: postoslophs@phs.no

www.phs.no

Redaktør: Torill Gulbrandsen • Foto: nyebilder.no, Scanpix, Samfoto, Wemunn Strand Aabo
Design og grafisk produksjon: www.konstis.no



POLITIHØGSKOLEN

ÅRSMELDING 2007

POLITIHØGSKOLEN

Helsing frå rektor

● 2007 var eit aktivt år for Politihøgskolen:

Rekruttering. Politihøgskolen satsa offensivt på rekruttering. Mellom anna var det ei høgt prioritert oppgåve å sørgje for å auke delen av søkjarar med minoritetsbakgrunn. Dette arbeidet vil verte ført vidare i 2008.

Rammeplan for bachelorutdanninga. Ny rammeplan for bachelorutdanninga vart godkjent av Justis- og politidepartementet 10.07.07. Arbeidet med nye fagplanar for utdanninga vil gå føre seg i 2008.

Masterstudentar. Masterstudiet vart gjort om til deltidsstudium. Omlegginga gav fleire søkjarar til studiet. I januar 2008 byrja 25 nye masterstudentar ved PHS.

Etter- og vidareutdanning. Av 1802 søkjarar vart 806 tekne opp på 28 ulike etter- og vidareutdanningar. Det vart utvikla nye utdanningstilbod, mellom anna innanfor krisehandtering og operativ verksemd.

Operativt øvingscenter. Justissektorens kurs- og øvingscenter i Stavern (JKØ) vart vidareutvikla og stod ferdig som eit profesjonelt øvingscenter. Senteret er særskilt tilrettelagt for politioperativ verksemd.

Internasjonalisering. Politihøgskolen auka engasjementet sitt i internasjonale aktivitetar. Politihøgskolen er nasjonalt kontaktpunkt for Cepol (European Police College) og deltek aktivt i AEPC (Association of European Police Colleges), eit nettverk som strekkjer seg utover EU sine grenser. Politihøgskolen koordinerer også den

nordiske studentutvekslinga for Nordcop (Nordic cooperation in Police Education) gjennom Nordplus-programmet.

Vekst innan forskning. Forskingsmiljøet ved Politihøgskolen styrka fokuset sitt på politifagleg forskning og utvikling. Det vart utgjeve sju rapportar i serien PHS Forsking.

Evaluering av organisasjonen. Ei grundig evaluering av organisasjonsstrukturen vart gjennomført. I løpet av året har det gått føre seg eit omfattande arbeid for å kome fram til naudsynte justeringar i organisasjonen.

Bygningsmasse og lokalisering. Det vart gjennomført store ombyggingar i Oslo for å få nok kontorplassar samt dusj-, garderobe- og idrettsfasilitetar. I samarbeid med Statsbygg vart det også utarbeidd grunnlag for ein ny Politihøgskole i Oslo. PHS greidde i tillegg ut moglegheitene for ei utviding av eksisterande anlegg i Oslo, Bodø og Kongsvinger for å møte endringar i studenttalet.

Det ser ikkje ut til at 2008 vert eit mindre aktivt og utfordrande år. Det er gledeleg at kompetanse vert sett på som eit stadig viktigare verkemiddel i arbeidet for eit tryggare samfunn. Vi ynskjer å oppfylle rolla vår knytt til kompetanseutvikling som eit viktig kriminalpolitisk verkemiddel. Alt dette skal skje innanfor dei kvalitetsrammene som gjeld for høgare utdanning.

«Høgskolen for eit reflektert, handlekraftig og tryggleiksskapande politi»



Hans Sverre Sjøvold
Sjef for Politihøgskolen

Meldinga frå styret

2007

Styret har i 2007 hatt fem møte, der det er behandla i alt 59 saker. I tillegg er styret orientert om ei rekkje saker som administrasjonen har arbeidd med. Styremøtet 08.06.2007 var lagt til Justissektorens kurs- og øvingscenter i Stavern. Styret fekk då omvising på og orientering om utdanningscenteret, mellom anna om opplegget for nødnettprosjektet. Dei andre møta var ved Politihøgskolen i Oslo.

Styret har brukt mye tid på dei sentrale styringsdokumenta for Politihøgskolen. I januar 2007 vedtok styret ny strategisk plan for perioden 2007-2012. Vidare har styret vedteke verksemdsplan og budsjettfordeling for 2007. Administrasjonen har levert statusrapportar for rekneskap og måloppnåing kvart tertial og halvår og årsrapport om høgskolen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Styret hadde i oktober 2007 møte med Politidirektoratet ved assisterande politidirektør Vidar Refvik. Tema for drøftingane var samarbeidet

mellom høgskolestyret og Politidirektoratet og sentrale utviklingsoppgåver for politiet og for Politihøgskolen. Styreleiaren har delteke i styringsdialogen mellom Politidirektoratet og Politihøgskolen.

Styret har i 2007 behandla og vedteke fleire utdanningsplanar. I møtet 09.02.2007 vedtok styret ny rammeplan for bachelorstudiet i politiutdanninga, ein plan som var resultatet av omfattande og solid utviklingsarbeid ved høgskolen. Planen vart endeleg godkjent av Justisdepartementet 10.07.2007. Styret har godkjent studieplanar for seks ulike vidareutdanningar som gir formell kompetanse som høgskoleutdanning med studiepoeng. Administrasjonen har orientert styret om revisjon av fagplanar og studieplanar, der rektor er gitt fullmakt til å godkjenne planane. Forskrift om eksamen ved Politihøgskolen er revidert og godkjent av styret 19.04.2007.

Styremøtet

08.06.2007 var lagt

til Justissektorens

kurs- og øvingscenter

i Stavern.

2007

juni						
M	T	O	T	F	L	S
				1	2	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14	15	15	16
18	19	20	21	22	23	24
25	25	27	28	29	30	

2007

Styret har i 2007 behandla fire klager frå studentar - ei klage i sak om utvising frå høgskolen og tre klager på gjennomføring av eksamen og sensur. Arbeidsutvalet har i fire møte behandla i alt 40 klager knytt til opptaket til bachelorutdanninga ved Politihøgskolen.

Administrasjonen har orientert styret om arbeidet sitt med sentrale oppgåver. Det har i 2007 særleg vore fokus på rekruttering og opptak til bachelorutdanninga. Styret er tilfreds med at styrkingstiltaka som er sette i verk, har gitt positive resultat. Styret har også fått nyttige orienteringar om endringar i organisering og gjennomføring av masterstudiet, om utvikling av politiforskning og om utvikling av politioperative utdanningar og eit politioperativt øvingscenter i Stavern.

To arbeidsfelt har vore særleg krevjande for høgskolen, og er gitt mye tid også i styret. Våren 2007 vart organiseringa av høgskolen evaluert, og det er arbeidd vidare hausten 2007 med arbeidsgrupper

og drøfting i mange fora. Dette skal ende i vedtak om ein endra organisasjonsstruktur. Det andre arbeidsfeltet er knytt til signal frå politisk hald om venta auke i studenttalet i bachelorutdanninga. Det er sett i gang utgreiing av fleire alternativ for å møte behovet for større kapasitet ved høgskolen.

Våren 2007 gjennomførte styret ei evaluering av styrearbeidet. Dette har hjulpet styret til å effektivisere arbeidet sitt. Styret har i etterkant mellom anna vedteke ein årsplan for styrearbeidet og retningslinjer for styrebehandlinga av studieplanar.

Styret vil takke rektor og alle medarbeidarane ved Politihøgskolen for godt samarbeid i 2007. Høgskolen er prega av interessant fagleg utvikling og forskning, av eit positivt studentmiljø og av solid læringsarbeid. Styret kjenner seg trygg på at dette vil medverke til ei god kompetanseutvikling for politiet.

Odd Reidar Humlegård
Styreleder

Kristin Barstad
Nestleder

Gro Smedsrud
Styremedlem

Ruth H. Olsen
Styremedlem

Christian Nilsen
Styremedlem

Bjørn Barland
Styremedlem

Terje Skjølberg
Styremedlem

Anne Øverbye
Styremedlem

Hild Rønning
Styremedlem

Anne Kristine Storberget
Styremedlem

Are Magnus Olsen
Styremedlem

Budsjett og rekneskap



Politihøgskolen si ordinære tildeling for 2007, inklusive arbeidsgivaravgift, var kr 267 931 000. I tillegg kjem overført restbeløp frå 2006 på kr 7 012 000 og kompensasjon for lønnsoppgjeret med kr 2 071 000. I tillegg vart det i samband med høgskolestyret si behandling lagt inn eit sjølvpålagt inntektskrav på kr 2 000 000. Samla bevilling var med dette kr 279 014 000.

Det er vidare gitt fullmakt til overskriding på kap. 0442 mot tilsvarande meirinntekt på inntektskapittelet 3442, post 02 og post 03 - diverse inntekter.

Budsjettert inntekt var for 2007 i statsbudsjettet sett til kr 5 255 000 for post 02 og kr 14 677 000 for post 03 (JKØ). I tillegg vart det i samband med høgskolestyret si behandling lagt inn eit sjølvpålagt inntektskrav på kr 2 068 000. I tillegg er inn-

tektskravet gjennom året justert med kr 864 290. Samla inntektskrav utgjør etter dette kr 22 864 290. Bokførte sals- og leigeinntekter ved rekneskapsavslutninga utgjorde kr 32 172 909, ein differanse på kr 9 308 619.

Refusjonar, sjukepengar, barselpengar og refusjonar for lærlingar utgjorde samla kr 3 444 801. Samla budsjetttramme - inkludert meirinntektene - vart med dette kr 292 631 716. Rekneskapsførte utgifter utgjorde kr 278 243 116, noko som gir eit rekneskapsmessig resultat for rekneskapsåret på kr 14 388 600.

Det positive rekneskapsresultatet skuldast underforbruk og monalege meirinntekter samt at nokre investeringar er utsette. Dei utsette investeringane utgjør til saman ca. 1 million kroner.

POST		REKNESKAP	BUDSJETT
01 1	Lønn og godtgjersler	kr 108 708 814	kr 108 463 962
01 2	Varer og tenester	kr 169 534 302	kr 171 751 723
	Meirinntekter		kr 9 308 619
	Udisponert reserve/fellespostar		kr 3 107 412
	Samla	kr 278 243 116	kr 292 631 716
02	Diverse inntekter	kr 15 261 803	kr 8 164 290
03	JKØ	kr 16 911 106	kr 14 700 000
	Samla	kr 32 172 909	kr 22 864 290

Budsjettansvaret er delegert til avdelingane med månadleg rapportering til sjefen for Politihøgskolen.


Administrasjonen leverer tertialvise rekneskapsrapportar og halvårsrapport til styret og til Politidirektoratet.

Jubileum i Bodø

● Torsdag 25. oktober 2007

27. august 1997 opna Politihøgskolen avdelinga si i Bodø. Avdelinga kunne derfor feire tiårsjubileum i 2007. Ved opninga i 1997 var det ti tilsette og 72 studentar ved avdelinga. Sidan har ho vakse kontinuerleg og har nå 22 tilsette og 192 studentar. Avdelinga i Bodø vart etablert for å betre rekrutteringa til Nord-Noreg.

Ei undersøking som vart gjennomført våren 2007, viser at sju av ti avgangstudentar frå Nord-Noreg i dag arbeider i landsdelen. Utfordringa framover vil derfor vere å auke talet på søkjarar frå dei nordlegaste fylka, slik at rekrutteringa til landsdelen vert halde oppe.



Midnattsol over Landego, Landegode. Bodø, Nordland



Rekruttering og mangfald

○ Marknadsføring og profilering

Politi­høgskolen har også i 2007 arbeidd aktivt med marknadsføring og profilering for å nå ut til unge menneske som ynskjer ein karriere i politi- og lensmannsetaten. Det har vorte satsa særskilt på rekruttering av studentar med minoritetsbakgrunn. Satsinga ser ut til å lukkast. Våren 2007 tok Politi­høgskolen opp 29 studentar med minoritetsbakgrunn. Dette er det største opptaket nokon gong.

I rekrutteringsarbeidet mot denne gruppa har Politi­høgskolen tenkt nytt. I løpet av året har høgskolen sett i gang to prosjekt som ein håper skal bidra til at talet på kvalifiserte søkjarar med minoritetsbakgrunn vil stige. Desse prosjekta har namna «Rekruttere og behalde» og «Ut i felten».

Prosjektet «Rekruttere og behalde» er eit samarbeidsprosjekt mellom Politi­direktoratet og Politi­høgskolen. Ein del av prosjektet har gått ut på å etablere ei ressursgruppe som består av polititjenestemenn og -kvinner med etnisk minoritets-

bakgrunn. Desse har mellom anna medverka til å setje i verk eit trenings- og coachingopplegg for motiverte søkjarar til PHS. I alt har 65 unge fått tilbod om rettleiing i forkant av ein eventuell søknadsprosess til PHS.

Prosjektet «Ut i felten» er eit pilotprosjekt som er sett i gang av Politi­høgskolen i samarbeid med Manglerud politistasjon i Oslo politidistrikt, Sentrum politistasjon i Bergen og Sentrum politistasjon i Trondheim. Prosjektet går samla sett ut på at Politi­høgskolen, i samarbeid med dei tre pilotdistrikta, skal utarbeide og evaluere ei rekkje rekrutteringstiltak retta mot unge med minoritetsbakgrunn. Erfaringane frå prosjektet vil deretter verte overførte til resten av politidistrikta i landet.

Politi­høgskolen ynskjer å satse offensivt i arbeidet sitt med mangfald i åra framover, og oppretta i 2007 ei ny stilling som særleg skal sikre mangfaldsretta rekruttering og arbeid.

2007

mars						
M	T	O	T	F	L	S
			1	2	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30	31	

Dei nordiske politiutdanningsinstitusjonane har eit seminar i Kirkenes om rekruttering, etter initiativ frå Noreg og Politi­høgskolen.

Ny rammeplan

10. juli 2007

Den 10. juli 2007 godkjente Justis- og politidepartementet ny rammeplan for bachelorstudiet i politiutdanninga.

Den nye rammeplanen inneber ei ny organisering av innhaldet i utdanninga. Inndelinga er analytisk og skal systematisere kunnskapen på ein logisk måte retta mot hovudoppgåvene generalisten utfører.

Erfaringsbasert kunnskap og forskingsbasert vitskap inngår i alle hovudområda. Utdanninga vil nå verte organisert i fem hovudområde: politi og samfunn, metode, operative oppgåver, førebyggjande oppgåver og etterforskning. Alle fag, emne og aktivitetar skal organiserast under desse hovudområda. Den nye rammeplanen vil gjelde frå og med studieåret 2009/2010.

1. POLITI OG SAMFUNN	31 STUDIEPOENG
<ul style="list-style-type: none">• Politilære• Forvaltingsrett og sivilrett• Sosiologi• Kriminologi• Yrkesetikk	<ul style="list-style-type: none">• <i>Tverretatleg samarbeid</i>• <i>Politiet si organisering, ordrar og planverk</i>• <i>Forvaltningsteneste og sivile gjeremål</i>
2. METODE	12 STUDIEPOENG
<ul style="list-style-type: none">• Politilære• Juridisk metode• Vitskapsteori og forskingsmetode• Politiet sine datasystem	<ul style="list-style-type: none">• <i>Datasystem</i>
3. OPERATIVE OPPGÅVER	82 STUDIEPOENG
<ul style="list-style-type: none">• Ordensteneste• Vegtrafikkrett• Ordensjus, strafferett og straffeprosess• Fysisk trening• Arrestasjonsteknikk• Psykologi• Sosiologi• Kriminologi• Kriminalteknikk• Rapport- og etterforsklingslære• Kommunikasjon og konflikthandtering	<ul style="list-style-type: none">• <i>Politioperative disiplinær</i>• <i>Ordensteneste inkl. livreddande førstehjelp</i>• <i>Arrestasjonsteknikk og fysisk trening</i>• <i>Op-trening</i>• <i>Trafikkteneste</i>• <i>Utrykkingskøyring</i>
4. FØREBYGGJANDE OPPGÅVER	16 STUDIEPOENG
<ul style="list-style-type: none">• Førebyggjande politiarbeid• Kriminologi• Forvaltingsrett, strafferett og straffeprosess	<ul style="list-style-type: none">• <i>Førebyggjande arbeid</i>
5. ETTERFORSKING	33 STUDIEPOENG
<ul style="list-style-type: none">• Rapport og etterforsklingslære• Kriminalteknikk• Strafferett og straffeprosess• Psykologi	<ul style="list-style-type: none">• <i>Etterforskning</i>• <i>Påtale</i>

Praksisstudier er markert i kursiv. I tillegg kjem eitt valfritt emne med eit omfang på seks studiepoeng



JKØ – eit operativt øvingscenter

● Torsdag 1. november 2007

Torsdag 1. november 2007 opna PHS offisielt dei nye øvingsfasilitetane sine i Stavern. Det er ei stor satsing som ligg bak utviklinga av dei nye øvingsfasilitetane. Satsinga som har funne stad i Stavern i løpet av 2006 og 2007, har hatt ei klar målsetjing om å sikre at Justissektorens kurs- og øvingscenter held fram med å vere eit profesjonelt og attraktivt øvingscenter med særskild tilrettelegging for politioperativ verksemd. Etableringa representerer ein milepæl innanfor nødnettsopplæring og krisehandtering i Noreg.

For å dekkje opplæringsbehovet knytt til innføring av nytt digitalt samband i nød-etatane, er det utvikla og etablert nye operative spesialrom i den eksisterande

bygningmassen. Senteret legg til rette for samarbeid og samhandling mellom politiet, brann- og helsevesenet samt andre samvirkeaktørar i undervisnings- og øvingsamanheng.

Under utviklinga av nye operative spesialrom og ny øvingsgate, er det lagt til rette for fleksibel fleirbruk ved opplæring i enkeltdisiplinar og heilskapstrening i alle element innanfor rednings- og beredskaps-tenesta. Opplæringsmiljøa skal i størst mogleg grad spegle den røynda studentar og kursdeltakarar møter i arbeidskvardagen. Dei nye fasilitetane støtter opp under spesielle behov knytt til nye utdanningstilbod innanfor krisehandtering og operativ verksemd.

KLARE TIL INNSATS

24 studentar fekk plass då Politihøgskolen i 2007 gjennomførte «Utdanning i funksjonsretta leiing for innsatsleiarar» (15 studiepoeng) for første gong. Målgruppa for studiet er polititenevne/-kvinner som har, eller skal ha, funksjon som innsatsleiar i eit politidistrikt.

SERTIFISERT SOM MILJØFYRTÅRN

JKØ vart i 2007 sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift. Sertifiseringsdokumenta vart overleverte av ordføraren i Larvik den 1. november. I arbeidet som Miljøfyrtårn-bedrift har JKØ lagt vesentleg vekt på tiltak som kan redusere energibruken og vassforbruket, i tillegg til kjeldesortering og handtering av avfall.

Forskinga ved PHS

● Sju rapportar i serien PHS Forsking i 2007

Forskingsmiljøet ved Politihøgskolen har auka fokuset sitt på politifagleg forskning og utvikling.

Det er utgjeve sju rapportar i serien PHS Forsking i 2007:

- 1) Å leve på sperra adresse (Solgunn Eidheim)
- 2) Evaluering av Konfliktrådsprosjektet og MIL (Marit Egge)
- 3) Rettslege problem knytt til observasjon som metode i politiforskinga, gjeldande rett og forslag til ny regulering (Tor-Geir Myhrer)
- 4) Leiingsutvikling gjennom deltakande observasjon og aksjonsforskning - Erfaringar frå eit FoU-prosjekt i Østfold politidistrikt (Terje Aaserud)
- 5) Skjerma identitet - Utgreiing og forslag til reglar om skjerming av identiteten til polititeneestemenn som har delteke i skarpe aksjonar mv. (Tor-Geir Myhrer)
- 6) To pluss to i bilen - Dei rettslege rammene for pressa sin deltakande observasjon i operativt politiarbeid (Anders Cederkvist)
- 7) Polisier virksomhet. Hva er det - hvem gjør det? (Red. Helen Oppen Gundhus, Paul Larsson, Tor-Geir Myhrer)

FORSKINGSKONFERANSEN 2007

Politihøgskolens årlege forskingskonferanse gjekk av stabelen 3. og 4. oktober. Temaet for konferansen var, «Polisier verksemd - Kva er det, kven gjer det?» Konferansen viste at det skjer ei kontinuerleg kunnskapsutvikling ved PHS. Både tilsette og frammøtte gjester var nøgde med arrangementet. Rapporten med same namn som konferansen vert utgjeven i serien PHS Forsking i 2008.

NY BOK OM ARRESTASJONSTEKNIKK

2007 var eit år med sterkt fokus på arrestasjonsteknikk. Dette viste kor viktig det er at PHS til kvar tid evnar å gi den beste opplæringa på området. Hausten 2007 kom det ut ei ny lærebok om arrestasjonsteknikk. Målet er at boka skal gjere framtidige politibetjentar godt rusta til å takle dei ulike pågripingssituasjonane dei kjem opp i.

Publikasjoner fra medarbeiderar ved Politihøgskolen

Aaserud, T. (2007): «Ledelsesutvikling gjennom deltakende observasjon og aksjonsforskning: Erfaringer fra et FoU-prosjekt i Østfold politidistrikt.» Oslo: Politihøgskolen. (PHS Forskning 2007:4)

Birkeland, Å. (2007). «Politigeneralisten, den moderne staten og politiets legitimitet». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Bjørnebekk, R. (2007) Paper presentert på The Stockholm Criminology Symposium 4. – 6. June 2007: «Violence: Revenge and Retaliation in Criminal Youth Gangs and Groups in Norway», (foreligger i kortform i *The Symposium Report*).

Jaschke, H-G., **Bjørge, T.**, Romero, F.B., Kwanten, C., Mawby, R., Pagon, M. (2007). «Perspectives of Police Science in Europe. Project Group on a European Approach to Police Science (PGEAPS)». Final Report – April 2007. CEPOL Series No. 2. Bramshill: European Police College (CEPOL).

Bjørge, T. (2007). «Strategier for forebygging av terrorisme». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

EGGE, M. (2007) «Evaluerer av Konfliktrådsprosjektet og MIL – påtalekompetanse til lensmenn og nye meglingsarenaer». Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007: 2)

EGGE, M. og Barland, B. (2007) «Klarer forebyggingsfeltet seg uten politiet?» I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Eidheim, S. (2007) «Å leve på sperret adresse». Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:1)

Dean, G., **Fahsing, I.A.** og Gottschalk, P. (2007). «In search of police investigative thinking styles: An exploratory study of detectives in Norway and Singapore». *International Journal of Learning and Change*, 2 (1), 20-33.

Dean, G., **Fahsing, I.A.** og Gottschalk, P. (2007). «Qualitative and quantitative study of police investigative thinking styles». *International Journal of Knowledge and Learning*, 3(1), 76-87.

Dean, G., **Fahsing, I.A.** and Gottschalk, P. (2007). «Creativity as a determinant of thinking style in police investigations». *International Journal of Police Science and Management*, 9(2), 112-121.

Fahsing, I.A., Filstad, C. og Gottschalk, P. (2007). «Research propositions for the use of role models in law enforcement: The case of newcomers in police investigations». *International Journal of Innovation and Learning*, 4(5), 501-515.

Filstad, C., Dean, G., **Fahsing, I.A.** og Gottschalk, P. (2007). «Newcomers' use of colleagues as role models: Research propositions for investigative thinking styles of law enforcement detectives». *Knowledge and Process Management*, 14(2), 71-80.

Glomseth, R. og Gottschalk, P. (2007). «Information technology in value shop activities: An exploratory study of knowledge reuse in Norwegian police investigations». *International Journal of Knowledge Management*, 3(4), 111-122.

Glomseth, R. and Gottschalk, P. (2007). «Occupational culture as determinant of criminal investigation performance: An empirical study of Norwegian police as value shop». *International Journal of Management Practice*, 2(4), 269-282.

Glomseth, R., Gottschalk, P. og Karlsen, J.T. (2007). «Leadership roles as determinants of criminal investigation performance: An empirical study of Norwegian police as value shop». *International Journal of Management and Enterprise Development*, 4(2), 128-142.

Glomseth, R., Gottschalk, P. og Solli-Sæther, H. (2007). «Occupational culture as determinant of knowledge sharing and performance in police investigations». *International Journal of the Sociology of Law*, 35(2), 96-107.

Gundhus, H. O. (2007). «IKT i politiets hverdag». *Norsk politi*, 2(1)

Gundhus, H. O. (2007). «Suksesskriterier for godt politiarbeid». *Nordisk Tidsskrift for Kriminalvitenskap*, 94(2).

Gundhus, H. O., Larsson, P. (2007) «Policing i et norsk perspektiv». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Kleiven, M. E. (2007) «Tanker om fremtidens etterrettingsarbeid». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Knutsson, J. (2007) «Effektiviteten i straffesaksarbeidet i Vestfold politidistrikt». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Lohne Lie, A. og Lagestad, P. (2007): Arrestasjonsteknikk. Oslo: Politihøgskolen.

Myhrer, T-G. (2007) «Rettslige problemstillinger knyttet til observasjon som metode i politiforskningen». Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007: 3)

Myhrer, T-G. (2007) «Skjermet identitet. Utredning og forslag til regler om skjerming av identiteten til polititjenestemenn som har deltatt i skarpe aksjoner mv. Oslo»: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007: 5)

Myhrer, T-G. (2007) «Hvor spesielle kan vi være i utvelgelsen av generalisten?». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Myhrer, T-G. (2007) «Begrenset politimyndighet». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Rønneberg, K. (2007) «Hemmende og fremmede språkbruk i politiets arbeid overfor publikum». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Strype, J. og Barland, B. (2007) «En evaluering av kollegastøtteordningen i politi- og lensmannsetaten». Oslo: Politihøgskolen.

Thomassen, G. (2007) «Korrupsjon i politiet. Råtne epler eller råtne tønner?». I Helene Oppen Gundhus, Paul Larsson og Tor-Geir Myhrer (red.). *Polisier virksomhet. Forskningskonferansen 2007*. Oslo: Politihøgskolen (PHS Forskning 2007:7).

Karlsen, J.T., Gottschalk, P., **Glomseth, R.** og **Fahsing, I.A.** (2007). «Managing police investigations by projects». *International Journal of Innovation and Learning*, 4(4), 391-410.

Forskingsmiljøet på

Politihøgskolen skal drive

langsiktig teori- og

metodeutvikling for

å utvikle fagområdet

politivitenskap i norsk og

internasjonal samanheng.

Det blir drive forskning

og utviklingsarbeid både

i forskningsavdelinga og

i utdanningsavdelingane

ved høgskolen.

2007

september						
M	T	O	T	F	L	S
					1	2
3	4	5	6	7	8	9
10	11	12	13	14	15	16
17	18	19	20	21	22	23
24	25	26	27	28	29	30



Lokalisering og kapasitetsutviding

● Fokus på bemanning i politiet

Det har i 2007 vore mye fokus på bemanning i politiet og eventuelt auka studentopptak til PHS. For å imøtekomme ynskjet om å utdanne fleire polititjenestemenn og -kvinner, starta PHS allereie i 2006 arbeidet med å greie ut om framtidige kapasitetsbehov og ei alternativ lokalisering i Oslo. Dette arbeidet har vorte ført vidare i 2007. I løpet av året har to planopp-gåver gått parallelt:

I samarbeid med Statsbygg er det utarbeida rom- og funksjonsprogram for ein ny Politihøgskole i Oslo, samt eit første grunnlag for ein KS 1-analyse, (kvalitets-

sikring av konseptval). Ein ny Politihøgskole i Oslo skal erstatte dagens lokalitetar på Majorstuen og føreset at avdelinga i Bodø samt kurs- og øvingsentra i Stavern og Kongsvinger vert førte vidare. PHS har også greidd ut om moglegheitene som finst for å auke kapasiteten innanfor noverande lokalitetar. Konklusjonen her er at ei utviding av utdanningskapasiteten kan skje ved allereie eksisterande avdelingar, som ei midlertidig løysing. Utgreiing av kapasitetsutviding ved eksisterande avdelingar og skisse for gjennomføring av denne vart presentert for Politidirektoratet i byrjinga av 2008.

ORGANISASJONSUTVIKLING

Politihøgskolen har gjennom heile 2007 evaluert og vurdert organisasjonen sin. I mai leverte konsultentselskapet Agenda ein evalueringsrapport. Deretter vart det nedsett tre interne arbeidsgrupper. To av arbeidsgruppene leverte rapportane sine om organisering av Politihøgskolen hausten 2007. På bakgrunn av desse rapportane vart det i januar 2008 vedteke å opprette tre nye avdelingar ved PHS; avdeling for bachelorutdanning (Oslo), avdeling for etter- og vidareutdanning, og studieavdelinga. Arbeidsgruppa som ser på leiingsfunksjonar og stabsfunksjonar, arbeider vidare våren 2008.

Nøkkeltal 2007

Personalet Studentar Opptak Økonomi

Belegg ved internat og utdanningscenter

PERSONALET	
• Faste og midlertidig tilsette, samt langtidsinnkommanderingar (også instruktørar)	228 årsverk
STUDENTAR	
• Talet på studentar, bachelor	1142
• Talet på studentar, master	14
• Talet på studentar, etter- og vidareutdanning	806
OPPTAK	
• Samla tal på søkjarar	1889
• Mannlege søkjarar	1174
• Kvinnelege søkjarar	715
• Søkjarar med minoritetsbakgrunn	105
• Opptekne studentar	432
• Opptekne studentar med minoritetsbakgrunn	29
• Opptekne kvinner	161
ØKONOMI	
• Ordinær bevilling, etter st.prp. 1	267 931 000
BELEGG VED INTERNAT OG UTDANNINGSSENTER	
• Politihøgskolens utdanningscenter, Kongsvinger	16 942 gjestedøgn
Justissektorens kurs- og øvingscenter (JKØ)	38 733 gjestedøgn

Notater:

Oversikt over etter- og videreutdanning 2007

Namnet på utdanninga ●

Samla tal på søkjarar ●

Tal på søkjarar, kvinner ○

Tal på søkjarar, menn ●

Uttekne kvinner ●

Uttekne menn ●

Samla tal på uttekne søkjarar ○

NAMNET PÅ UTDANNINGA
Funksjonsretta leiing, adm. leiarar
Funksjonsretta leiing, innsatsleiarar
Leiing og organisasjonsutvikling I
Leiing og organisasjonsutvikling II
Samla, leiing
Tvangsfullbyrding
Sivile gjeremål
Sekretariatsarbeid for forlikrådet
Begrensa politimyndigheit
Instruktørutdanning, hund
Instruktørutdanning, utrykkingskøyning
Avhørsteknikk
Rettleiingspedagogikk, modul 2
Arbeid mot økonomisk kriminalitet
Kriminalteknikk 1
Kriminalteknikk 2
Brannetterforsking
Generell etterforsking
Dommaravhøyr
Terror/sabotasje
Åstadsanalyse
Etterforsking av valds- og seksuelle overgrep
Elektroniske spor
Obligatorisk utdanning av politijuristar
Kulturforståing og mangfald
Polititaktikk
Våpeninstruktørar
UEH
Grunnutdanning av livvakter
Samla, spesialutdanning
Samla, leiing og spesialutdanning

SAMLA TAL PÅ SØKJARAR	TAL PÅ SØKJARAR, KVINNER	TAL PÅ SØKJARAR, MENN
32	11	21
156	22	134
215	77	138
41	15	26
444	125	319
118	98	20
56	45	11
75	65	10
44	17	27
31	5	26
68	3	65
128	53	75
19	3	16
64	25	39
60	9	51
29	2	27
49	9	40
139	65	74
27	21	6
30	4	26
21	3	18
57	44	13
24	1	23
45	26	19
30	20	10
32	4	28
38	4	34
107	9	98
67	8	59
1358	543	815
1802	668	1134

UTTEKNE KVINNER	UTTEKNE MENN	SAMLA TAL PÅ UTTEKNE SØKJARAR
9	15	24
3	21	24
26	26	52
10	16	26
48	78	126
21	10	31
19	8	27
25	3	28
10	14	24
2	10	12
1	49	50
17	21	38
3	15	18
15	13	28
2	19	21
1	21	22
6	22	28
27	22	49
11	4	15
3	17	20
1	19	20
20	6	26
1	14	15
26	18	44
15	8	23
2	17	19
4	24	28
9	67	76
1	17	18
242	438	680
290	516	806

